

# **Valestiftinga**

**c/o Reidar Handeland**

**Pb 100**

**5451 Valen**

Kvinnherad Kommune, Teknisk  
Hordaland Fylkeskommune v/ Guro Klyve

## **Parkeringsplass ved Gamle kraftstasjonen på Valen**

Valestiftinga har etter avtale med Hordaland Fylkeskommune, tilsynsansvar for den gamle kraftstasjon og tilhørende område. I samband med restaurering av den gamle kraftstasjonen på Valen frå 1910, har Hordaland fylkeskommune halde av eit areal til parkering i tilknytning til stasjonen og tilkomst til det aktuelle området som dei 3 kraftstasjonane omhandlar. Parkeringsplassen er tenkt brukt for almenta i samband med tilkomst til turstiar og fasilitetar i området. Det er gjort avtale med Friluftsrådet Vest som vil gå inn med midlar til å realisera ein parkeringsplass her som og vil vera utgangspunkt for turfolk til Valøya.

Friluftsrådet Vest har gjennom ein servituttavtale fått hand om Valøya som friluftsområde og har vidare planar med skilting og opplysningar om turløyper på den omsøkte parkeringsplassen.

Valestiftinga har innhenta pris på arbeidet som vi ønskjer å få utført snarast.

Parkeringsplassen vil bli enkelt laga utan at det kjem i berøring med elv eller elvebredda.

### **Tiltaket kan beskrivast slik:**

Parkeringsplassen vil på enkel måte verta skrådd frå vegkanten med ei slak helling 8 m mot elva. Fylling vil vera steinmassar og singel som vert tilkøyrt. Det vil bli plassert større steinar som sikring i nedkant. Avstand frå ytterkant parkeringsplass til elvebreidda er 8 m.

Plan med bilde av området og skisse for utforming av tiltaket ligg ved.

Tilbod om tiltaket er innhenta frå Kvinnherad maskin as, som og vil vera ansvarleg som tiltakshavar.

**Tilbodspris for arbeidet er Kr 119.000 + mva frå entreprenør.**

Med helsing  
Valestiftinga  
Reidar Handeland